

Atle Trædal  
Myrdalshovden 2  
5130 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4634 - 21/42428

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
17.06.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 129/16 Titland søndre

Tiltak: Utsleppsløyve  
Byggjestad: Gbnr: 129/16  
Tiltakshavar: Atle Trædal  
Ansvarleg søkjar: Stendal Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.05.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Nabovarsling.** Vi kan ikkje sjå at søknaden er nabovarsla.

Før arbeida kan setjast i gang må følgjande liggje føre:

1. **Søknad om løyve til tiltak.** Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova.
2. **Avstand kommunal veg.** Situasjonsplanen er mangelfull, der er ikkje vist avstand til vegmidte kommunal veg. Er avstanden mindre enn 15 meter må det liggje føre godkjenning frå vegmynde i kommunen.
3. **Tiltak i sjø.** Utlegging av leidning i sjø skal godkjennast etter havne- og farvasslova av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS før arbeida kan setjast i verk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Atle Trædal  
Stendal Vvs AS

Myrdalshovden 2  
Blombakken 1

5130 NYBORG  
5911 ALVERSUND